

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.12.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** Nye Førde sjukehus - løypemelding

**ARKIVSAK:** 2020/1992

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
18.12.2020

**STYRESAK:**  
081/2020

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek løypemeldinga til vitende.

## **Oppsummering**

Helse Førde gjennomførte 18. september 2020 ei intensjonskunngjering for å trygge at rettmessig anskaffing var gjennomført. Saka vart klaga inn for Klageorgan for offentleg anskaffing (KOFA). Dei har i sak 2020/718 den 26. november konkludert med at klaga blir avvist som uhensiktsmessig for behandling etter klagenemndforskrifta paragraf 9.

Delprosjekt Dagabygget er godt gjennomført både av entreprenør og prosjektleiinga i Helse Førde. Prognosene er at delprosjektet blir slutført til ein kostnad som er 10 millionar kroner lågare enn budsjett. Sluttsummen for delprosjekt Dagabygget er i prognosene sett til 339 millionar, inklusiv alle byggherrerekostnader og meirverdiavgift.

For å kunne ta Dagabygget i bruk, må flaumvernet rundt sjukehustomta vere på plass. Dette arbeidet pågår for fullt. Flaumvernet er no tett til planlagt nivå. Nokre mindre terrengarbeid står att, og flaumpumper vil bli sett i drift innan utgangen av 2020.

Det er gjennomført ein uavhengig revisjonsgjennomgang av sjølvkostkalkylen til Veidekke. Prosessen med gjennomføringa har vore god. Veidekke, underentrepreneurar og rådgjevargruppe har stilt opp, og det er gjennomført gode dialogar. Hovudkonklusjonane i revisjonsrapporten tilseier at det vil vere grunnlag for å arbeide vidare med Veidekke.

Helse Førde gjennomførte 7. desember ein heildags drøftingsrunde med ei breitt samansett gruppe på over 70 personar frå driftsorganisasjonen. Målet med samlinga var å vurdere om Livabygget i åtte etasjer er rett prosjekt for Helse Førde, dersom vi endar opp med å utsetje ein del av ønska knytt til ombygginga i eksisterande bygg.

Den førebels oppsummeringa syner at Livabygget + Svana 1 + Svana 2 er eit rett prosjekt sjølv om øvrige planlagde tiltak i Svanabygget blir utsette. Det var ulike kommentarar knytt til tilrådingane frå dei ni gruppene. Av kommentarane kan ein lese at det blir svært viktig for Helse Førde å finne rom for Svana 3 til ein verdi av 70 millionar, slik at heilskapen kan gjennomførast i samsvar med kostnadsmålet som styret vedtok i mars 2020 på 1803 millionar.

Administrerande direktør tek sikte på å fremje ei sak for styret 29. januar 2021 der styret tek stilling til om kontrakt for Livabygget kan signerast.

## **Fakta**

Det er mange tilhøve i Nye Førde sjukehus som det no er naturleg å orientere styret om, og saka vil i det etterfølgjande orientere om følgjande hovudpunkt:

- KOFA si handsaming av klage
- Dagabygget er bygningsmessig slutført
- Revisjonsgjennomgang av Veidekke sin sjølvkostkalkyle
- Samling med driftsorganisasjonen 7. desember med vurdering av heilskap
- Slutføring av kontrakt for Livabygget

## KOFA si handsaming av klage

Helse Førde gjennomførte 18. september 2020 ei intensjonskunngjering for å trygge at rettmessig anskaffing var gjennomført. Åsen & Øvrelid klaga anskaffinga inn for KOFA 28. september 2020.

KOFA har i sak 2020/718 26. november konkludert i klagen: «*Klagen avvises som uhensiktsmessig for behandling, jf. klagenemndsforskriften § 9.*»

Klagenemdas vedtak er vedlagt saka.

Nemnda har i si handsaming ikkje gjort vesentleg realitetsvurdering av saka. Det er heller ikkje påvist noko som svekkar tidlegare juridiske utgreiingar som Helse Førde har henta inn.

## Dagabygget er bygningsmessig sluttført

Dagabygget er fysisk ferdigstilt innom- og utomhus i samsvar med framdriftsplan. Det står att å legge plen i framkant av bygget, samt etablere blomstereng på flaumvollen i nord. Dette vil pga. årstida skje våren 2021. Dagabygget er no i ein fase der ulike system vert testa og sett i drift. Parallelt med dette vil det gå føre seg opplæring i dei ulike systema.

Byggherreleveransar, som møblar m.m., blir sluttført. Det vil bli ein månad prøvedrift før Helse Førde formelt overtek bygget 20. februar 2021. To dagar seinare startar innflyttinga, og det vil vere ytterlegare elleve månader prøvedrift etter innflyttinga.

Delprosjektet er godt gjennomført både av entreprenør og prosjektleiinga i Helse Førde. Prognosene er at delprosjektet blir sluttført 10 millionar kroner under budsjett. Sluttsummen for delprosjekt Dagabygget er i prognosene sett til 339 millionar. Dette inkluderer alle byggherrerekostnader og meirverdiavgift.

For å kunne ta Dagabygget i bruk, må flaumvernet rundt sjukehustomta vere på plass. Dette arbeidet går no for fullt. Flaumvernet er tett til planlagt nivå. Nokre mindre terregarbeid står att, og flaumpumper vil bli sett i drift innan utgangen av 2020.

## Revisjonsgjennomgang av Veidekke sin sjølvkostkalkyle

Det er gjennomført ei anskaffing av entreprenør med evaluering av timerater og påslagsprosentar, samt at entreprenør er vurdert ut frå kompetanse i tilbydd personell og oppgåveforståing.

18. desember 2019 etablerte Helse Førde ei hovudavtale med Veidekke AS, der Helse Førde har opsjon for å bestille trinnvis samhandling og gjennomføring av komande delprosjekt for å realisere heilskapen i Nye Førde sjukehus.

Den pågående samhandlingsprosessen med Veidekke AS handlar om heilskapen i Nye Førde sjukehus, men delprosjektet for bygging av komande byggetrinn, Livabygget, har større detaljeringsgrad enn resten av heilskapen.

ÅF Advansia er vårt byggherreombod i Nye Førde sjukehus. Dei er nytta inn i arbeidet med ein revisjonsgjennomgang av sjølvkostkalkylen til Veidekke. Revisjonsarbeidet er gjennomført av ei gruppe på fire personar med spisskompetanse innan bygg, rør, ventilasjon og elektro.

I revisjonsgjennomgangen var oppdraget å sjå på dei delane som er planlagt inn i kontrakt for delprosjekt Livabygget. Dette omfattar nybygget, men også ein del ombygging inne i Svanabygget for å kunne kople nybygget inn mot eksisterande bygg.

Det har vore ein føresetnad at delprosjektet skal komme opp med løysingar og tilhøyrande pris for bygging i samhandlinga mellom entreprenør- og rådgjevargruppe. Sluttpriisen i kontrakten vil vere basert på sjølvkostkalkylar, pluss påslaget som er avtala i den etablerte avtalen.

Revisjonsgjennomgangen er gjennomført med utgangspunkt i Veidekke sin sjølvkostkalkyle ved kalkylemilepåle P1-2 den 23. oktober.

Det er for revisjonen utarbeidd eit eige oppdragsdokument for gjennomføring av revisjonen. Dette dokumentet vart gjort kjent både for revisionsteamet og Veidekke si gruppering i framkant.

I oppdragsdokumentet for revisjonsgjennomgangen var følgjande definert:

*Det er ein open og tillitsfull prosess i samhandlinga mellom Helse Førde, Veidekke, dei tekniske underentreprenørane og arkitekt/rådgjevar, men tillit må i tillegg skapast inn i dei besluttande nivå for prosjektet.*

*For å kunne signere kontrakt har styringsgruppa, føretaksleiinga, administrerande direktør og styret behov for tryggleik knytt til pris. Er sjølvkostpris for Veidekke korrekt definert og er det konkurransedyktige priser som ligg inne i kalkylar og pristilbod som er utarbeidd?*

*Hovudmål for revisjonsgjennomgangen er å skape tryggleik for dei besluttande nivå i prosjektet. Revisjonsgjennomgangen skal nytte oppdragsdokumentet som rettesnor for sitt arbeid, men revisjonen skal likevel vere ein uavhengig gjennomgang der ein skal søke å trygge hovudmålet som er definert.*

Revisjonen har hatt særleg fokus på nybygget då dette utgjer den største delen av kontrakten, og er den delen av prosjektet der det er lettast å finne tal som er råd å samanlikne. Prosjektet som er utvikla for Livabygget i åtte etasjer, er eit kompakt prosjekt med effektiv utnytting av arealet. Nybygget framstår som konkurransedyktig prisa samanlikna med aktuelle tilsvarande sjukehusprosjekt. Revisjonsgruppa har peika på ein del tilhøve som vi no rettar fokus mot. Prosessen med gjennomføring har vore god og det er gjennomført gode dialogar med Veidekke, underentreprenørar og rådgjevargruppa. Ein oppsummerande rapport er vedlagt løypemeldinga. Konklusjonen tilseier at det vil vere forsvarleg å sluttføre prosessen med Veidekke, dersom drøfting av kontraktsdetaljar og endeleg kotsnadsmål gjer dette mogeleg.

## **Samling med driftsorganisasjonen 7. desember med vurdering av heilskap**

Det er gjennomført omfattande utviklingsarbeid over mange år i Helse Førde, og prosjektet har gradvis blitt omforma til løysingane vi har i dag. Undervegs i prosessen har vi fått større delar av arealet ut i eit nybygg, og dei fleste avanserte romma for klinisk behandling er no planlagt her. Behovet for ombygging av eksisterande areal er såleis redusert. Det vil likevel vere slik at det vil vere sterke ønskje om å bygge om og ruste opp funksjonane som no er tiltenkt Svanabygget. Tiltaka som har vore planlagde, er alle gode tiltak som fremjar pasientkvalitet, arbeidstilhøve for tilsette og effektiv driftsøkonomi, men tiltakslista er for lang i høve ramma som styret har sett for å utvikle prosjektet.

I styremøtet i mars 2020 vedtok styret å starte samhandling med Veidekke der kostnadsmålet for utvikling av prosjektet skulle vere 1,733 milliardar + 70 millionar kroner. Prosjektet skulle med dette utviklast mot eit kostnadsmål på 1,803 milliardar, men styret ville ha ein kuttplan på 70 millionar som kunne aktiverast ved behov. I mai 2020 vart det gjennomført ein uavhengig ekstern kvalitetssikring konseptval (KSK) av prosjektet i høve til styret sitt definerte kostnadsmål på 1,803 milliardar, og det identifiserte endringsbehovet i høve forprosjektet frå 2018.

Føretaket gjennomførte 7. desember 2020 ein heildags drøftingsrunde med ei breitt samansett gruppe på over 70 personar frå driftsorganisasjonen. Målet med samlinga var å vurdere om Livabygget i åtte etasjer er rett prosjekt for Helse Førde, dersom vi endar opp med å utsetje delar av ombygginga i eksisterande bygg.

Til samlinga var det etablert ein struktur og ein hypotese om at Livabygget i åtte etasjar + Svana 1 og Svana 2 er rett prosjekt, sjølv om øvrige arbeid i Svanabygget må utsetjast i tid. Svana 1 var definert til å innehalde alt som må gjennomførast for å kunne kople saman Livabygget med eksisterande sjukehus. Svana 2 inneheldt funksjonane som må byggast om for å oppfylle driftskonseptet som er utvikla for heilskapen. Som del av hypotesen låg ein plan om at Livabygget + Svana 1 + Svana 2 må definerast slik at dette kan realiserast innanfor 1,733 milliardar. Med denne tilnærminga ville det vere mogeleg å definere eit Svana 3 på 70 millionar som kan vere den kuttplanen styret har etterspurt.

Samlinga var vellukka og leiinga i Helse Førde har fått mange gode tilbakemeldingar som kan trygge det vidare arbeidet. Den førebelse oppsummeringa syner at eit stort fleirtal meinte at Liva + Svana 1 + Svana 2 var rett prosjekt, sjølv om øvrige planlagde tiltak i Svanabygget blir utsette. Det var ulike kommentarar knytt til tilrådingane. Av kommentarane kan ein lese at det blir svært viktig for Helse Førde å finne rom for Svana 3 til ein verdi av 70 millionar, slik at heilskapen kan gjennomførast i samsvar med kostnadsmålet som styret vedtok i mars 2020 på 1,803 milliardar.

Det vidare arbeidet med alle innspela frå samlinga 7. desember er under planlegging. Organisering av vidare arbeid vil vere litt avhengig av kva dilemma og synspunkt vi finn når vi går ned i detaljane i dokumenta frå gruppene. Det vil vere mogeleg å oppsummere nokre strategiske retningar inn mot styremøtet den 29. januar 2021, men sluttprioritering for delar av Svana 3 vil truleg krevje litt meir tid.

## **Sluttføring av kontrakt for Livabygget**

Det har pågått samhandlingsprosess med Veidekke sidan 23. mars 2020, og vi nærmar oss nå sluttføring av prosessen der kontraktsdokument og prisar blir sluttjusterte. Veidekke leverte kalkylestatus 23. oktober. Det vart då konkludert med at vi hadde problem med å nå kostnadsmåla. Det er no gjennomført nye rundar for å leite etter mogelege kostnadsnedtak. Desse prosessane blir oppsummerte og avslutta inn mot 18. desember 2020.

Prosjektorganisasjonen arbeider saman med Veidekkes prosjektorganisasjon for å ferdigstille prisar, vilkår og kontraktsdokument inn mot denne datoен.

Livabygget er ein stor kontrakt som krev omfattande gransking, både av juridiske tilhøve og risiko. Denne gjennomgangen kan ikkje fullt ut gjennomførast før alle dokumenta er klare. Veidekke og Helse Førde vil i perioden fram til 13. januar gjennomføre juridiske vurderingar av kontraktsdokument. Veidekke må då ta stilling til om dei vil signere kontrakten som er utvikla med pris og vilkår som ligg til grunn.

Administrerande direktør tek sikte på å fremje ei sak for styret den 29. januar neste år der styret tek stilling til om kontrakt for Livabygget kan signerast.

Administrerande direktør planlegg å legge fram eit notat for styret den 18. desember som inneheld detaljar om prisar og planar for sluttføring av kontraktsdrøftingar med Veidekke. Dette notatet vil styret få ettersendt, men informasjonen vil av konkurransemessige omsyn haldast unna offentleg innsyn.

## **Vedlegg**

1. Uttale frå KOFA
2. Revisjonsrapport frå gjennomgang av sjølvkost
3. Notat om sluttføring av kontrakt mot Veidekke (lukka dokument)